

Øygarden kommune

v/ Norstein Gjengedal
Ternholmvegen 2
5337 Rong

postmottak@oygarden.kommune.no

Fedje kommune

v/ Øyvind Tolleshaug
5947 Fedje

postmottak@fedje.kommune.no

Saksnr. Øygarden: 21/23493

Saksnr. Fedje: 21/582

Dato: 22.05.2022

Equinor-referanse: 2021-010352

Northern Lights – Etablering av røyrledning i sjø

Søknad om igangsetjingsløyve for delar av tiltaket – Steinfylling i sjø

På vegne av tiltakshavar Equinor sender ABO Plan & Arkitektur søknad om igangsetjingsløyve for etablering av steinfylling i samband med røyrledning i sjø i kommunane Øygarden og Fedje.

Det vert vist til rammeløyve frå Øygarden kommune dat. 02.02.2022 og Fedje kommune dat. 20.01.2022.

Det er stilt følgjande vilkår i rammeløyve før det vert gjeve igangsetjingsløyve:

Øygarden kommune:

- *Før det vert gjeve løyve til igangsetjing skal sektormyndigheiter ha gjeve naudsynte løyve/samtykke til tiltaket.*
- *Før løyve til igangsetjing må det stadfestast at leidning- kabeleigarar og evt. andre råka interesser er samde i søkt løysing for kryssing og at evt. tryggleikssoner er ivaretatt*

Fedje kommune:

- *Fedje kommune krev at det ligg føre avtale med Telenor som sikrar Fedje mot brot i datasambandet. Igangsettingsløyve vert ikkje gjeve før avtale ligg føre og Fedje kommune er gjort kjent med innhaldet i avtalen. Lovheimel: § 28-1 i plan- og bygningslova.*

www.abo-ark.no
post@abo-ark.no

Avdeling Os

Org.nr. 879 951 542
Hamnevegen 53,
PB. 291, 5203 Os
Tlf: 56 57 00 70

Avdeling Stord

Org.nr. 917 495 637
Torgbakken 9
PB. 667, 5404 Stord
Tlf: 53 40 37 80

Vedrørende naudsynt løyve frå sektormyndigheiter er det sendt søknad om etablering av røyrledning i sjø til Kystverket. Det er gjeve løyve dat. 16.02.2022 med vilkår, sjå vedlagt brev Vedlegg I1. Desse vilkåra vil bli oppfylt som del av arbeidet med legging av røyrledningen. Det er gjennomført møte med Fiskeridirektoratet, Norges Fiskarlag, Fiskarlaget vest, den 16 mai 2022 for å informere om planlagt marin aktivitetar i 2022 og 2023.

Både Øygarden og Fedje kommune stiller krav om at det skal stadfestast at leidning- og kabeleigarar og evt. andre råka interesser er samde i løysing for kryssing og at evt. tryggleikssoner er ivaretatt. Det er gjennomført avklaringsmøte med Fedje kommune 8. februar der det vart stadfesta at også vilkåret til Fedje vert stetta med dokumentasjon i samsvar med Øygarden kommune. Det er oversendt teknisk skildring av løysningar for kryssing av infrastruktur til eigarar langs trase og ein har mottatt stadfesting på at desse løysingane er tilstrekkelege for kryssing og tryggleikssoner. Tabell under viser kabeleigar og stadfesting. Dersom det er behov for meir kontaktinformasjon kan dette oversendast.

	Bekreftelse at teknisk løysning er godtatt	Kontaktperson, teknisk bekreftelse
Statnett	15.03.2022	Ole Petter Hobberstad
BKK	18.03.2022	Tommy Andre Fonnes
Telenor	17.03.2022	Magnar Greve

Vedrørende oppdrettsanlegg nord for Ljøsøyna vil det ikkje være naudsynt med kryssing av ankringsanlegg.

Vedlagt ligg:

- Søknad om igangsetjingsløyve
- G1 Gjennomføringsplan versjon 2
- G2 Samsvarserklæring prosjektering Subsea 7 Norway AS
- G3 Erklæring om ansvarsrett utføring Boskalis DEME
- G4 Plan for uavhengig kontroll Equinor ASA
- G5 Kontrollerklæring uavhengig kontroll Equinor ASA
- I1 Løyve Kystverket

For nærmare informasjon om søknaden ta kontakt med undertegna eller med Laurence Pinturier i Equinor med kontaktinfo tlf: 95216388, epost: lpint@equinor.com

Med venleg helsing
ABO Plan & Arkitektur AS



Arne Kristian Kolstad
 Planleggar
 Tlf: 95721101
arne@abo-ark.no